

«Kva er viktig for deg?-dagen» i Vestre Slidre, onsdag 8. juni

Vestre Slidre kommune markerte «Kva er viktig for deg?-dagen» onsdag 8. juni. Dagen markerast kvart år for å rette fokus mot det som er viktig i livet og kvardagen til den enkelte, og for å sikre gode pasientforløp i helsetenestene. Det å bli sett, høyrd, take på alvor og ikkje minst å kunne drive med meningsfulle aktivitetar er viktig for mange.

Eit utval innbyggjarar i kommunen vart denne dagen spurd «Kva er viktig for deg?».

Her er nokre av svara vi fekk:

For meg er det viktig med sosiale treff og grupper med menneske i liknande situasjon.

For meg er det viktig med fysioterapi og trening her i bygda.

For meg er det viktig at familien min har det bra.

Det er viktig for meg at heimesjukepleia hjelper meg med det eg har behov for.

For meg er det viktig å få ny fastlege.

Det er viktig for meg å bli sett.

For meg er det viktig at eg får hjelp til å kle på meg.

For meg er det viktig at eg kjem meg på trening og kan vera sosial på Grendakafeen etterpå.

Det er viktig for meg å ha samtale med legen ved behov.

For meg er det viktig at eg får hjelp og tilsyn av heimesjukepleia. Det gjer at eg får ein betre kvardag.

For meg er det viktig med god helse og velvære for familie og vener.

For meg er det viktig med samtale med psykisk helseteneste.

For meg er det viktig å ha ein positiv og meningsfull dag med kollegaer og mine næraste.

Når eg er frisk nok til å bu heime er det viktig for meg å få hjelp av heimesjukepleia til det eg treng.

For meg er det viktig å gjera det beste ut av dagen for å oppnå noko.

For meg er urørt natur viktig.

Det er viktig for meg å få og gje eit hei med eit smil.

Det er viktig for meg å gå tur på gangen og få opptrening.

Det er viktig for meg med gode kollegaer og humor i kvardagen.

For meg er det viktig å ta riktige val framover.

For meg er det viktig å vera a jour.

Det er viktig for meg å bli oppfatta som ein ressurs.

Det er viktig for meg å dekkje ledige vakter.

Det er viktig for meg at jentene mine har det bra.

For meg er det viktig med meningsfulle arbeidsdagar.

Det er viktig for meg å samle familien.

Alle disse ulike svara viser at ulike ting er viktige for ulike menneske. Det som er viktig for deg er kanskje ikkje like viktig for sidemannen, naboen eller pasienten. Difor er det så viktig nettopp å spørja dette enkle spørsmålet – «Kva er viktig for deg?». Svaret du får vil gje deg større forståing for andre, skape betre relasjonar og kanskje hjelpe andre på ein betre måte.

- Teamet for kvardagsrehabilitering i Vestre Slidre kommune -